



Seljord kommune

Ordførar

Energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Dykkar ref:

Vår ref
2024/2623-11

Saksbehandlar:
Asbjørn Storrusten, tlf.

Arkivkode:
K54

Dato:
06.02.2026

Vedr. Merknadar til NVEs innstilling i vilkårsrevisjonen for Seljordsvatnet - Seljord kommune

Seljord kommune viser til tilrådinga frå NVE til Energidepartementet i samband med vilkårsrevisjon for Seljordsvatnet.

Seljord kommune og campingplassseigarane rundt Seljordsvatnet set pris på at NVE erkjenner at det er viktig for næringsaktørar og lokalsamfunnet elles å halde vasstanden i Seljordsvatnet nede på eit fornuftig nivå sommarstid.

NVE har i sin innstilling til nytt manøvreringsreglement lagt opp til at klappluka ved utløpet av Seljordsvatnet skal vere open når vasstanden i Seljordsvatnet er over kote 116,45 i perioden 1. mai til 30. september. I grunngevinga peiker NVE på at jamnare vasstand ved ca. kote 116,45 vil vere ønskjeleg for friluftslivet og campingplassar ved Seljordsvatn, særleg i perioden 1. mai til 30. september.

I tidlegare høyringssvar har fleire grunneigarar og næringsaktørar rundt Seljordsvatn peika på problema som oppstår ved høg vasstand. Dei har også peika på at konsesjonen for Seljordsvatn berre gir rom for å senke vasstanden, ikkje auke den, relativt til normalnivå og at klappluka ved utløpet av Seljordsvatnet difor ikkje skal bidra til vasstand over normalnivå. Samtidig har det vore vanskeleg å definere den eksakte koten som ville vere rett vasstand sommarstid då det ikkje har vore allment kjent kva normalnivå eller naturleg vasstand for Seljordsvatnet faktisk har vore.

NVE har gjennom vilkårsrevisjonen gjort ein grundig jobb med å identifisere kva kote som faktisk er naturleg nivå (tidlegare uregulert vasstand) for Seljordsvatnet, 116,16, og dette er også nedfelt i innstillinga til manøvreringsreglement frå NVE.

Basert på denne nye kunnskapen om normal vasstand ønskjer Seljord kommune å bringe på det reine at kote 116,16 også vil vere den ønskjelege vasstanden for friluftslivet og campingplassar ved Seljordsvatn sommarstid.

Seljord kommune meiner at ut frå dette, bør difor luka ved utløpet av Seljordsvatnet også vere open ved vasstand over kote 116,16.

For Seljord kommune

Solveig Sundbø Abrahamsen
Ordførar

Asbjørn Storrusten
Kultur- og næringsssjef

Dokumentet er sendt elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til:

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)

Postboks 5091 Majorstua

Mottakarar av dette brevet:

Energidepartementet